



STORD
KOMMUNE



Skulebibliotekplan

Stord kommune

2021 - 2025

Forord

I [Opplæringslova §9-2](#) står det at elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Skulebiblioteka skal vere ei kjelde til kunnskap og ein møtestad. Det skal vera både eit fysisk og eit digitalt rom, ein læringsarena på tvers av fag, kor elevane i tillegg til å møta ei boksamling kan arbeida med digital kompetanse, kjeldekritikk, informasjonssøk, eit utvida tekstomgrep og lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag.

Stord kommune ynskjer at skulebiblioteka skal ha ei sentral rolle i arbeid med ny læreplan LK20 og fagfornyng.

I revidering av Skulebibliotekplan Stord kommune 2019-2023 har me samarbeidd med Stord folkebibliotek og Langeland og Tjødnalio skular gjennom prosjektet #leseglede som kommunen fekk tilskot til frå Utdanningsdirektoratet i 2019.

Stord, 1. desember 2021

Mariann Jacobsen Hilt, kommunalsjef oppvekst og kultur

Siri Marie Erland, skulefagleg rådgjevar



Innhold

Forord	2
Innleiing og mål	4
Skulebiblioteket som variert læringsarena	5
Kompetanse og profesjonsfellesskap	6
Mål for vidare utvikling av skulebiblioteka i Stord kommune.....	7
Samarbeid mellom folkebiblioteket og skulane	8
Kjelder	9

Innleiing og mål


Stord kommune ynskjer at skulebiblioteka i stordskulane skal ha open dør for alle elevane og at skulebiblioteka vert nytta aktivt av både elevar og lærarar.

Våre mål i arbeidet med å gjennomføra skulebibliotekplanen er

- å styrka skulebiblioteka si rolle i lesestimulering og fremja leseglede. Me trur at leseglede smittar!
- at skulebiblioteket er hjartet i skulen og ein viktig læringsarena i arbeid med undervisning og tilpassa opplæring.

Vidare er det ønskjeleg at skulane samarbeider med folkebiblioteket og er aktive deltakarar i Falturiltu barne- og ungdomslitteraturfestival.

Skulebiblioteket skal vera ein stad med inkluderande skulemiljø der alle elevar kjenner seg velkomne og kan oppleva både ein uformell bokprat og eit organisert undervisningstilbod. Skulebiblioteket skal gi inspirasjon til lesing og vera ein stad elevane likar å vera. Det skal vera ei «utviding» av klasserommet; ein god læringsarena både sosialt og fagleg. Det skal vera både ei kjelde til kunnskap og ein møteplass.



I tillegg til ei fysisk boksamling, skal det og prioriterast kvalifisert personalressurs i biblioteket, i samsvar med skulen sitt elevtal. Det er ønskjeleg at dei bibliotekansvarlege lærarane etablerer eit lærande nettverk der dei kan samarbeida og utveksla erfaringar, samt dela med kvarandre på tvers av einingane.

Elevane skal møta ei variert boksamling, etter kvart og digitalt, med både ny og eldre litteratur som vert presentert på ein ryddig og brukarorientert måte.

Bruk av skulebiblioteket bør vera nedfelt i skulane sine lese- og skriveplanar.

Per i dag har skulane i kommunen eit samarbeid med folkebiblioteket i «Falturiltu», nynorsk barne- og ungdomslitteraturfestival, og alle 3. klassane i kommunen vert

inviterte til eit arrangement om hausten når det er barnebokfestival. Falturiltu har og eit fast bokbadkonsept for 9. trinn, samt litteraturutstilling for småskuletrinnet.

Stord folkebibliotek arrangerer «Sommarles» kvar sommarferie. Her er høg grad av deltaking, og lærarane som formidlar informasjon frå folkebiblioteket til elevane er viktige i rolla som leseaktivator.

Skulebiblioteket som variert læringsarena

Skulebiblioteka skal vera ei kjelde til kunnskap og ein møtestad. Det skal vera både eit fysisk og eit digitalt rom, ein læringsarena på tvers av fag, kor elevane i tillegg til å møte ei boksamling kan arbeida med digital kompetanse, kjeldekritikk, informasjonssøk, eit utvida tekstomgrep og lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag.



Bruk av skulebiblioteket bør dekkja følgjande punkt:

- Elevane skal utvikla leselyst.
- Elevane skal vera tidleg ute med å låna bøker og få rettleiing i å finna rett bok.
- Det skal vera utflukt til folkebiblioteket på 2., 4. og 6. trinn.
- Eleven får lånekort når han/ho er 6 år.
- Skulebiblioteket skal nyttast aktivt.
- Alle skal ha eit leseprosjekt haust og vår.
- Lærarane tingar bøkassar frå folkebiblioteket til bruk i undervisning.
- Elevane skal lesa minimum 15 minutt på skulen kvar dag. Læraren kan i denne tida høyra elevane i lesing og/eller vera rollemodell gjennom å lesa sjølv.
- Elevane skal alltid ha ei stillelesingsbok tilgjengeleg når dei er ferdige med anna arbeid.
- Elevane skal kvar sin gong presentera bøker for kvarandre i løpet av året.
- Elevane på 6. og 7. trinn les for yngre elevar/ fadderlesing.
- Elevane skal oppleva høgtlesing dagleg.

Kompetanse og profesjonsfelleskap

For at skulebiblioteka skal bli integrerte i den pedagogiske verksemda ved skulane, er det viktig med felles temaforståing blant dei tilsette for at prosjektet skal forankrast i skulekvardagen. Kunnskap om pedagogisk bruk av skulebiblioteket vert viktig og nyttig å dela i profesjonelle læringsfelleskap.

Skulebiblioteket skal støtta elevane i å nå måla som ligg i læreplanane. Å vera ein god lesar er ein viktig føresetnad for læring. Me må alle navigera i eit stort informasjonslandskap og treng å meistra lesing for å finna informasjon, forstå resonnement og vera kritiske og sjølvstendige i vurdering av alle typar tekst.

Kompetanse og djupnelæring er sentrale omgrep i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20), noko som fordrar eit rikt teksttilfang som kan gi grunnlag for tilpassa opplæring. Bøkene i skulebiblioteket må vera tilgjengelege for elevar og lærarar i eit system.

Elevane skal jobba med fleire grunnleggjande dugleikar i biblioteket. Dei grunnleggjande dugleikane vert vidareførte i ny læreplan.

Stord kommune har vore «språkkommune» (ei satsing via Utdanningsdirektoratet og Lesesenteret ved UiS) og tilsette skal kjenna til og nytta heile eller delar av kompetanseutviklingspakken om skulebiblioteket som pedagogisk ressurs aktivt i utvikling av skulen sitt skulebibliotek. Pedagogisk bruk av skulebiblioteket må vera eit tema i skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling.

Eit godt skulebibliotek fremjar leseglede og trivsel. Det er ein lærings- og dannelsesarena og ein reiskap for læraren. Med aktiv bruk av biblioteket kan skulane få elevane til å lesa meir og til å lesa lengre tekstar, øva dei opp i kritisk tenking og få dei til å bruka ulike informasjonskjelder i skulearbeidet. Elevar som har tilgang til mange ulike tekstar kan bli betre lesarar. Me veit og at dei blir betre lesarar av å lesa i fritida. Derfor er det så viktig å gi elevane mykje litteratur å velja i, slik at alle kan ta vare på og/eller utvikla leselest. Skulane bør ha god kjennskap til litteratur og kompetanse på å formidla den. Her kjem skulebiblioteket og skulebibliotekaren inn som nyttige ressursar for læraren. Me trur at leselest og leseglede vil «smitta»!

Det vert viktig for kommunen å styrka samarbeidet med folkebiblioteket gjennom å skapa litterære miljø med formidling av kulturelle opplevingar til elevar og kunnskap til lærarar. Me vil ha særskilt fokus på lesemotivering, også for elevar som ikkje les til vanleg. Skulebiblioteket må ha godt utval i tekstar på ulike nivå og i ulike format.



Mål for vidare utvikling av skulebiblioteka i Stord kommune

Det er ønskeleg at skulane jobbar med utvikling av skulebiblioteka gjennom ulike aktivitetar/tiltak:

- Biblioteket skal innehalda eit mangfald av bøker; skulane skal i sine budsjett prioritera å fornya boksamlingane over tid. Gamle bøker må reinskast ut, slik at elevane har tilgang på relevant litteratur og lettare kan finna fram.
- Bøkene i biblioteket skal presenterast på ein tiltalende måte – flest mogleg framsider skal venda ut og visast fram.
- Bøkene kan med fordel organiserast etter tema.
- Biblioteket treng elevar som er bibliotekassistentar. Her kan skulane laga eit system for å aktivisera elevar i bibliotekarbeidet.
- Lærar skal vera saman med sine elevar i skulebiblioteket.
- Bibliotekansvarleg skal presentera og formidla nye bøker for elevane. Ressurspersonen har ansvar for organisering av biblioteket, samt praktisk skulebibliotekarbeid, og skal vera ei støtte for lærarane. Ressurspersonen kan og vera bindeleddet til folkebiblioteket.
- Flest mogleg av dei tilsette ved skulen skal kunna registrere bøker ut og inn.
- Bibliotekansvarleg kan ha forteljestunder for 1. – 4. trinn i biblioteket.
- Skulen skal ha auka fokus på lesing kvar haust og vår, til dømes gjennom eit leseprosjekt.
- Elevane skal vera innom biblioteket ein gong kvar veke og alltid ha ei bok tilgjengeleg i hylla eller i sekken sin. Biblioteket skal ha «open dør».
- Elevane skal få individuell rettleiing i bokval; dei blir tatt på alvor i bokvala sine, og det skal vera lov å leggja vekk ei bok ein ikkje likar for å finna ei ny.
- Kvar klasse har time på biblioteket kvar 14. dag, til dømes for å ha bokpresentasjonar, bokprat, stillelesing, høgtlesing, danning/ åtferd i biblioteket, orientera seg i biblioteket og læra om korleis det er organisert osv. Ev. kan dei yngste elevane og ha bokkassar i sine klasserom.



Samarbeid mellom folkebiblioteket og skulane

1. trinn	Biblioteket kjem på besøk til eit foreldremøte i løpet av skuleåret, og orienterer om bibliotekets tenester, samt gjev boktips til høgtlesing og lesetrening.
2. trinn	Bibliotekbesøk ved hovudbiblioteket eller Litlabø filial med pedagogisk tilrettelegging. Elevane får lånekort.
3. trinn	Biblioteket lagar kvar haust bokkassar til leseprosjekt på dette trinnet fram mot Falturiltu. Forfattarbesøk.
4. trinn	Bibliotekbesøk ved hovudbiblioteket eller Litlabø filial med pedagogisk tilrettelegging.
5. trinn	Forfattarbesøk
6. trinn	Bibliotekbesøk ved hovudbiblioteket eller Litlabø filial med pedagogisk tilrettelegging.
7. trinn	Biblioteket kan kvar vår tilby 7. trinn eit opplegg som går ut på å finna viktig informasjon i ei bok, korleis søkja smart på internett og vurdera informasjon.
8. trinn	Bibliotekbesøk ved hovudbiblioteket eller Litlabø filial med pedagogisk tilrettelegging.
9. trinn	Biblioteket kan tilby eit bibliotekbesøk med emne 2. verdskrigen – utdrag høgtlesing og utlån av bøker
9. og 10. trinn	Biblioteket kan tilby eit bibliotekbesøk kvar vår der fokuset er på samlesing av bilete og tekst.

Andre tilbod:

- Utover dette kan alle skular gjera ytterlegare avtalar om jamlege besøk på folkebiblioteket.
- Folkebiblioteket kan laga bokkassar til klassar, som lærar tingar, hentar og leverer sjølve.
- Folkebiblioteket kjem ut til skular som ikkje har høve til å koma seg til folkebiblioteket.
- Ungdomsskulane på Nordbygdo og Nysæter er kombinasjonsbibliotek i samarbeid med folkebiblioteket. Det er betent opningstid i desse filialane. Folkebiblioteket katalogiserer bøker og har ansvar for bokpleie.
- Folkebiblioteket kan tilby hjelp til samlingsutvikling, til dømes kassering og råd om oppstilling/merking i skulebiblioteka.

Kjelder

Falturiltu.

<https://www.falturiltu.no>

Lesesenteret. Universitetet i Stavanger. *Skulebiblioteket som pedagogisk ressurs i Språkløyper.*

<https://sprakloyper.uis.no/barnetrinn/fagovergripende-lesing-og-skriving/skulebiblioteket-som-pedagogisk-ressurs>

Stord folkebibliotek.

<https://www.stordbibliotek.no>

Stord folkebibliotek, Falturiltu, Langeland – og Tjødnalio skule har egne Instagramkontoar.